



FLUKT FRÅ KRIG

Mål for økta: Barna lærer at flyktningar som kjem til landet vårt både har flykta *frå* noko og flykta *til* noko. Borna får auka forståing for eiga rolle i inkludering av barn som kjem hit til oss.

Sjå på bildet og snakk saman om det de ser:

- Kva ser vi på dette bildet? Kva har skjedd med byen bak dei? Kva skal denne familien no? Kva følelsar har dei?

Fortel barna om det å måtte flykte frå landet sitt:

Vi som bur her i Noreg er veldig heldige av mange grunnar. Ein av grunnane er at det er eit trygt land utan krig. Derfor er det mange som kjem til Noreg kvart år og håper at dei kan få bu her saman med oss, fordi det ikkje lenger er trygt å bu der dei kjem frå.

Dei fleste menneske ville helst budd i sitt eige land dersom det hadde vore mogleg. Men for å ha det bra nok der vi er så treng vi forskjellige ting. Vi treng for eksempel ein heim å bu i, mat og vatn, og barna bør få gå på barnehage og skole. Og så treng vi sjukehus og leggar og medisinar i tilfelle vi blir sjuke.

Og noko av det aller viktigaste vi treng er å kjenne oss trygge. Trygge på at vi sjølv får lov å meine det vi meiner, tru på det vi trur på, at vi kan seie vår eigen mening, og vere med å velje kven som skal bestemme i landet. Slik er det ikkje over alt i verda, og mange stadar blir det krig. Krig er når eitt land vil bestemme over eller ta eit anna land, og så vil ikkje det andre landet det, og så bestemmer det eine landet seg for at då tek dei det med makt.

På bildet her ser vi at nokon har bomba husa slik at dei har blitt øydelagt og begynt å brenne. Då måtte alle som budde i dei husa flykte. Dei kunne berre ta med seg nokre få ting av det dei eigde, og så måtte dei begynne å gå.

Ser de at dei er veldig lei seg? Og veldig redde? Og så er dei slitne, og veit ikkje kva som skjer vidare.

Men kanskje fekk dei kome hit til oss? Her kan dei gå i barnehagen med oss, og dei kan vere trygge. Det er bra.

Sjølv om dei som kjem hit på ein måte er heldige fordi dei er trygge her, så er det mange som er lei seg også. Kanskje har dei mista mange som dei var glade i? Vennane sine, og besteforeldre og søskenhorn og sånn? Og her er jo alt framandt for dei. Då er det ikkje rart at dei får mange vonde følelsar innimellom også. Og kanskje ser dei sågne triste og skumle bilde inni hovudet sitt om det som skjedde før dei kom hit.

Nokon barn kan bli redde for at det skal bli krig her, dersom dei har sett og høyrt om krig i nyheitene. Det er ganske vanleg å bli redd for krig, sjølv om vi har det trygt her.

Det er viktig at vi som bur i Noreg prøver å forstå kvarandre, og hjelper kvarandre til å ha det bra. Da får landet vårt vere eit trygt og godt land å bu i for alle. Derfor må vi huske å vere snille med dei som kjem. Smile til dei, og bli kjent med dei, og sørge for at dei føler seg velkomne. Korleis gjer vi det?